

Tveiteåno Kraftverk AS
Suldalsvegen 912
4230 SAND

NVE
Konsesjon og tilsynsavdelingen
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Vasshus, 25.04.2021

Søknad om løyve til fråvik av manøvreringsreglement for inntaksmagasin Tveiteåno kraftverk

Tveiteåno kraftverk ligg i Suldal kommune i Rogaland:

Vannkraftverk nr.: 832
Vassdragsområde: 036.B22A
Konsesjon reg. nr.: 3748
Konsesjonsdato: 12.12.2003
Idriftssett: 2005
Maks yting: 1,45 MW

Søknad

Tveiteåno kraftverk søker med dette om fråvik frå manøvreringsreglementet i kraftverkets inntaksmagasin, Nedstastøltjødnno frå kote 433 moh. til kote 430 moh. (naturleg vannstand) for gjeldande periode med reguleringsavgrensing, 01.06.2021 – 30.09.2021

Det er planlagt å gjennomføre ulike vedlikehaldsarbeid på inntaksdammen, mellom anna skifte av bjelkestengsle, reingjering av damplate samt tilsynsaktivitetar i samband med føreståande revurdering av inntaksdammen. Arbeida vil trengje 2-3 veker med turrør for gjennomføring og med bakgrunn i usikre vêrtilhøve søker ein om mulighet for slikt fråvik frå for heile perioden.

Manøvreringsreglement

1. Reguleringsgrenser og vannslipping.				
Magasin	Reguleringsgrenser		Reg. høyde m	Naturlig vannstand
	Øvre kote	Nedre kote		
Nedstastølen	435,0	430,0	5	430,0

Reguleringsgrensene skal markeres med faste og tydelige vannstandsmerker som det offentlige godkjenner. Høydene refererer seg til SKs høydesystem (NN 1954).

I tidsrommet 01.06 – 30.09 skal Nedstastølen ikke tappes lavere enn kote 433,0. Kraftverket skal i hovedsak kjøres jevnt i takt med tilsiget, men reguleringen kan utnyttes i perioder med lave tilsig. I resten av året kan manøvreringen foregå etter kraftverkseiers behov, men typisk start/stopp-kjøring skal ikke forekomme.

Figur 1: Utdrag fra konsesjon, reguleringsgrenser Nedstastølen inntaksmagasin

Konsekvensvurdering

Ferdsel/ friluftsliv

Det er merka turløyper i området og det er vurdert at tiltaket ikkje vil vera til hinder for ferdsel eller friluftsliv. Det visuelle bildet vil vera noko annleis i perioden der arbeida utførast.


Fisk

Ein kan ikkje sjå at tiltaket vil medføre konsekvens for fiskebestanden i Nedstastøltjødn

Fugl

Det er vurdert at arbeida ikkje vil medføre problem for fuglebestanden i området

Oversikt



Figur 2: Oversiktskart, Tveiteåno kraftverk

Håpar de har høve til handsaming av saka slik at arbeida kan gjerast straks vêrtilhøva tillet det!

Med helsing
Tveiteåno Kraftverk AS

Lars L. Vasshus

Lars L. Vasshus